

# Framlegg til mandat for kulturutvalet i Masfjorden sokn

## Målsetjing

- Gjennom kulturelle tilskipingar skal kyrkjene i Masfjorden synleggjere sin plass som ein del av livet til folk som bur i grenlene våre.
- Difor skal det arrangerast minst to kulturelle tilskipingar i kvar av kyrkjene våre i løpet av eit kalenderår. (*Julekonsertane vert her sett på som ei kulturell tilskiping.*)

## Ansvar og oppgåver

- Kulturutvalet skal bistå soknerådet med å oppnå målsetjinga, gjennom planlegging og tilrettelegging av aktivitetar i alle tre kyrkjene.
- Utvalet kan på eige initiativ planleggje og leggje til rette for tilskipingar, til dømes i samarbeid med det frivillige kulturlivet og kulturskulen i Masfjorden.
- Kulturutvalet kan ikkje gjere vedtak som går på tross av avgjerder som er heimla i stillingsinstruks til kyrkjelydsmusikar og forrettande prest.
- Soknerådet kan velje å konsultere kulturutvalet i spørsmål av meir prinsipiell karakter som gjeld kulturformidling.

## Økonomi

- Så lenge det ikkje finnест eit eige kulturbudsjett i kyrkja sitt driftsbudsjett, må alle avtalar som medfører kostnader for soknet godkjennast av soknerådet eller kyrkjeverja, dersom soknerådet gjev kyrkjeverja mynde til det.
- Dersom det vert utarbeidd eit eige kulturbudsjett for soknet, kan kulturutvalet disponere midlane på dette innanfor dei rammene som er gitt.